



REFERAT FRÅ REGIONALT STYRE REGION SOGN OG FJORDENE

Onsdag 26. juni kl. 19.30, TEAMS		
Innkalling gjekk ut i epost til styret, møtet vart halde på TEAMS.		
Sak 9/24/25 Nytt varamedlem Sylvi Fløtre, Svelgen T&IF	Ansvar	Vedtak
Til vitande: <i>Sylvi Fløtre er vald til vara i styret, Region Sogn og Fjordane frå 26. juni 2024.</i>	Styret	Til vitande
Sak 10/24/25 Kick Off-samlinga 14.-15. september Det blir Kick Off-samling helga 14.-15. september i Førde i samband med første opne samling for Regionslaga innandørs laurdag Pr. dato 10. august, må vi lage ei litt meir tilpassa samling, då trenarane på Reg.laga er opptekne på anna hald. Leiar og Elisabeth jobbar med saka! Regions Cup blir på søndag 15. september. Vi arbeider med ein inspirator som kan ta føre seg trening i minivolleyball, teen og vanleg seksar med fokus på leik og leikbaserte øvingar i volleyball! Meir info i møtet! NB Trenar 1 del 1, Minitrenaren får vi også til! NVBF stiller med instruktør- pris pr. deltakarar kr. 100! Sjå sak 11/24/25 Vedtak: <i>«Styret arbeider vidare med planane om å få til Kick Off – samling 14.-15. september. Leiar samarbeider med Elisabeth Bjørvik, NVBF om prosjektet og held styret orientert fort løpande»</i>	Leiar + styret	Ja!
Sak 11/24/25 Kurskalenderen 2024/2025	Ansvar	Vedtak
Til vitande: <i>Sjå sak 10 24/25 – med dette på plass vil det vere naturleg å prøve å følgje opp Trenar 1 kurset med dei 3 attståande kursa så raskt som det fell naturleg å gjere det. Del kurs 1 og 2 i Trena1 bør</i>	Leiar + styret	Til vitande

<i>som eit minimum vere gjennomført sesongen 24/25. Vidare må Regionen få plass Dommar 1 kurs i løpet av kommande sesong, gjerne knytt til ei turnering med Dommarrettleiarar på plass.</i>		
Sak 12/24/25 Minivolleyball Webinar hausten 2024	Ansvar	Vedtak
Til vitande <i>Stine Mari arbeider arbeider vidare med ein plan for innhald og gjennomføring. Målgruppa er foreldre, kontaktpersonar og trenarar. Kva punkt skal vere med av informasjon og opplysninga kjem vi attende til i styremøte i månadsskiftet august/september.</i>	Stine Marie PS! Høyr med Kursavdelinga til NVBF, Stine M. Dei har tips og kan kanskje vere med ?	Til vitande
Sak 13/24/25 Forbundstinget 2024 og Langtidsplanen 2024-2028.	Ansvar	Vedtak
Langtidsplanen er vedteken på Forbundstinget. Kva skal vi i vår Region prioritere og planlegge for i perioden? Til vitande: <i>Det å legge til rette for å utvikle og bygge robuste volleyballklubbar har vore fokus for styret i Region Sogn og Fjordane siste året. Vi har fått to nye klubbar registrert, og ser fram mot å følgje alle klubbane frlover i sesongen 2024/205. Styret vil så raskt som råd denne hausten komme med ein Handlingsplan med utgangspunkt i Langtidsplanen 2024-2028.</i>	Styret, særleg Terje og Linnea	Til vitande
Sak 14/24/25 NM beach Regionslag, Stavanger 27.-30. juni. STATUS pr. dato.	Ansvar	Vedtak

Til vitande: Kort oppsummering av status på beachvolleyballen i Regionen vart gitt ved leiar. To dyktige trenarar ved Eirik Molland, FVBK og Geir Sindre Eithun, FVBK har gjort ein svært god jobb med Regionslaga som deltok i NM i Randaberg. Store skritt er tekne, men vi må få fleire klubbar til å starte med beachvolleyball for ungdom! SOFIK har oversyn over anlegga i fylket vårt, Terje Vallestad følgjer opp og har eit oversyn på beachvolleyballbaner klart til neste styremøte! Bør vi oppnemne eit utval som særskild tek føre seg anlegga og arbeidet med Beachvolleyballen i Regionen vår? Vi bør sjå litt på korleis FVBK har organisert dette v/Linn Grepstad Ness og FVBK sin Sandvolleyballskule. Vi tek dette opp i styret ved første høve!	Styret	Til vitande
Sak 15/24/25 TERMINPLANEN 2024/2025	Ansvar	Vedtak
Til vitande: I slutten var det framleis veldig mange faktorar som som ikkje var på plass i høve terminlista for 2. og 3. divisjon. Laga har spela inn sine synspunkt, og no er det berre å vente for å sjå korleis laga og Regionen har lukkast med å få dette til i høve kampoppsett og tilgang på hallar! Gå inn på Terminlista til NVBF og sjekk korleis den no ser ut pr. dato. Det lever litt framleis, ta kontakt om de er noko de saknar eller om det er noko som er feil!	Styret og konsulent Bjørvik	Til vitande
Sak16/24/25 Dommarkontakt i Region Sogn og Fjordane ?	Ansvar	Vedtak
Til vitande: Styret skulle hatt ein person som kunne arbeide med dommarrekrutteringa og oppfølging av dommarrekruttering i Region Sogn og Fjordane. Saka vart diskutert, leiar arbeider vidare i lag med konsulent Bjørvik og kjem med framlegg til kandidatar og vidare framdrift før neste styremøte.	Leiar	Til vitande

--	--	--

For styret

Johan K. Kjerstad
Leiar NVBF RSF
Mob. 9938 3399